



**Kystverket har gått inn for å gje Sjøtroll Havbruk løyve til justering og utviding av oppdrettsanlegget ved Skorpo.
 Anlegget blir utvida med ein ekstra ring i nordaustleg retning.
 Kystverket vurderer det slik at utvidinga ikkje betyr noko ytterlegare hinder for vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i området.
 Anlegget vil ikkje ligga uheldig til i høve til navigasjonssignal frå Skorpo fyrlykt.**

Anlegget må forankrast og fortøyast slik at det ikkje driver av og blir til hinder for den ålmene ferdsla.
 Av skissa over går det fram kor utvidinga skal skje.
 Fylkeskommunen skal senda ut eit samla vedtak i saka etter handsaming i dei andre sektorane.